

Status for politiske vedtak i Sula og Ålesund, og vegen videre

NB! Heile presentasjonen her er foreløpig utkast
før den politiske saka er endeleg skriva

Sak om oppretting av politisk og administrativt samarbeidsfora

Dette er vedtatt i begge kommunane:

Sula og Ålesund kommunestyre vedtek å etablere eit felles politisk og administrativt samarbeidsforum mellom Ålesund og Sula kommune for VA-sektoren, slik det går fram av denne saka.

Føremålet med samarbeidsforumet er å sikre tett dialog, god informasjonsflyt og politisk involvering i fleire parallelle og strategisk viktige prosessar innan VA-sektoren.

Samarbeidsforumet er ikkje eit fast politisk utval og har ikkje vedtaksmynde. Saker av prinsipiell karakter skal leggjast fram for handsaming i ordinære politiske organ i samsvar med kommunelova og gjeldande delegeringsreglement i dei to kommunane.

Kommunedirektørane i Ålesund og Sula kommune får i oppdrag å etablere samarbeidsforumet, fastsetje møteplan og sikre formell politisk rapportering til respektive politiske organ.

I Ålesund kommunestyre vart det vedtatt følgende tilleggspunkt:

- Møtene skal være åpne, bekjentgjort, og med sakliste og referat

I Sula kommunestyre vart det vedtatt følgjande tilleggspunkt:

- Kommunestyret vedtar å stanse alle prosesser relatert til en eventuell virksomhetsoverdragelse av VA-avdelingen inntil det er fattet et politisk vedtak og nytt mandat for arbeidsgruppen.
- Kommunestyret presiserer at det ikke skal gjennomføres tiltak eller prosesser som i praksis binder kommunen til en bestemt driftsform før slikt vedtak foreligger.
- Administrasjonen bes om å legge fram en egen sak for kommunestyret som redegjør for aktuelle driftsformer, inkludert fordeler, ulemper samt økonomiske og organisatoriske konsekvenser ved de ulike alternativene, basert på arbeidsgruppens anbefalinger.
- Administrasjonen bes samtidig om å legge fram protokoller, beslutningsgrunnlag og annen relevant dokumentasjon for arbeidet som er utført hittil i saken, med formål om å gi kommunestyret full oversikt.
- Administrasjonen bes legge fram en tydelig tids- og fremdriftsplan for det videre arbeidet, inkludert tidspunkt for politisk behandling og eventuelle milepæler.

For å følge opp vedtaket vil kommunedirektøren i Sula vil legge fram ny politisk sak i førstkommande møte

Kortversjon av saka:

- Sula og Ålesund vedtok i 2023 å etablere eit felles avløpsreinseanlegg, Kongshaugen reinseanlegg, med planlagt oppstart i 2028. Det vart opphavleg vedteke å organisere samarbeidet i eit interkommunalt selskap (IKS).
- I 2025 vart det, i lys av regionale vurderingar av interkommunale samarbeid og behovet for meir heilskapleg styring, vedteke i begge kommunestyra, å utsetje etableringa av eige IKS. I staden skulle det utgreiast ei meir samla organisering av Vatn og avløpssektoren (VA)-sektoren i Ålesundsregionen. Inntil vidare skal Ålesund kommune drifte reinseanlegget basert på inngått samarbeids- og driftsavtale mellom kommunane.
- Arbeidet med å vurdere ei organisering av VA- sektoren i Ålesundsregionen har ei uavklart forankring og framdrift, og vi kan ikkje vente på denne. Vi må difor ta stilling til kva for organisering som skal gjelde for VA- sektoren i våre to kommunar. Skal vi etablere eit IKS, eller skal vi velje vertskommunemodell, og i så fall kva for delar av VA- tenestene skal inngå i samarbeidet.
- Kommunedirektørane har sett ned ei arbeidsgruppe for formålet, og eit politisk og administrativt samarbeidsforum er etablert for å sikre fortløpande informasjon og dialog.
- I (K-sak 006/06- 5. februar), der det vart vedtatt å etablere der politisk og administrative samarbeidsforumet, fatta kommunestyret i Sula kommune nokre tilleggspunkt. Her vart det presisert at det ikkje skulle gjennomførast tiltak eller prosessar som bind kommunane til ei bestemt driftsform før politisk vedtak ligg føre, og at det skal gjennomførast ei grundig utgreiing av alternative driftsformer før endeleg vedtak vert fatta.
- Dette er bakgrunnen for denne politiske saka. I saka vil det gå fram korleis kommunestyret sine tilleggspunkt skal følgast opp. I hovudsak handlar dette om at Sula kommune ikkje er bunde til ei bestemt organisering før dette er politisk vedtatt. Kommunedirektørane vil i løpet av 2026 leggje fram politisk sak med vurdering av dei aktuelle organisasjonsmodellane. Utgreiinga skal omfatte fordelar og ulemper ved alternativa, samt økonomiske og organisatoriske konsekvensar for den samla VA-sektoren. Vurderingane skal skje opp mot fastsette kriterium, mellom anna fagleg kvalitet og trygg drift, politisk styring og ansvar, økonomisk berekraft, utvikling av robuste fagmiljø og realistisk gjennomføring fram mot 2028.
- Målet er å fatte eit prinsippvedtak om organisasjonsmodell innan 3. kvartal 2026. Dette er nødvendig for å sikre tilstrekkeleg tid til etablering, avtaleinngåing, bemanning og implementering slik at ny organisering er operativ ved oppstart av Kongshaugen reinseanlegg i 2028.

Tilleggspunkt 1 i vedtaket.

Kommunestyret vedtar å stanse alle prosesser relatert til en eventuell virksomhetsoverdragelse av VA-avdelingen inntil det er fattet et politisk vedtak og nytt mandat for arbeidsgruppen.

Slik vil kommunedirektøren følge opp punktet:

Prosess relatert til ei eventuell verksemdsoverdraging skal ikkje setjast i gang før politisk vald organisering eventuelt krev dette.

Kartlegging av dagens situasjon, oppgåver og organisering i begge kommunar må likevel halde fram, då dette arbeidet, uavhengig av organisasjonsform, danner grunnlag for å bestemme ny bemanning av sektoren frå og med 2028.

Arbeidsgruppa har i dag følgjande mandat:

Arbeidsgruppa skal:

- Kartleggje dagens situasjon
 - Bemanning, oppgåver og organisering innan drift av VA-anlegg i begge kommunar.
 - Kompetanse og nøkkelroller som er kritiske for framtidig drift.
- Foreslå framtidig bemanning og organisering
 - Utarbeide forslag til organisasjonsmodell for drift av den samla VA- sektoren (inkludert Kongshaugen reinseanlegg)
 - Vurdere behov for kompetanseheving, omstilling og ev nyrekruttering.
- Planleggje prosess fram mot 01.01.2028
 - Leggje fram ein framdriftsplan med milepålar og kritiske aktivitetar.
 - Sikre medverknad frå tilsette, verneteneste og tillitsvalde.
- Leggje til rette for effektiv drift og samarbeid
 - Sikre at **den nye organisasjonen** bidreg til kostnadseffektiv drift.
 - Fremje forslag til rutinar for samarbeid, rapportering og kvalitetssikring.
- Rapportere og anbefale
 - Arbeidsgruppa skal levere ein rapport med anbefalingar til kommunedirektørane innan fastsett frist.
 - Rapporten skal innehalde kartlegging, vurderingar, forslag til organisering og bemanning, samt ein konkret framdriftsplan

Forslag til presiseringar i mandatet:

- Ulike aktuelle driftsformer skal utgreiast.
- Fordelar og ulemper ved dei ulike aktuelle driftsformene skal vurderast.
- Dei aktuelle driftsformane skal vurderast i forhold til:
 - fagleg kvalitet og trygg drift
 - politisk styring og ansvar
 - økonomisk effektiv drift
 - sterke og attraktive fagmiljø
 - realistisk å etablere fram mot 2028

Rapporten til arbeidsgruppa vil danne grunnlag for den politiske saka der kommunedirektørane skal gje si tilråding for framtidig organisering av VA- området.

Tilleggspunkt 2 i vedtaket:

Kommunestyret presiserer at det ikke skal gjennomføres tiltak eller prosesser som i praksis binder kommunen til en bestemt driftsform før slikt vedtak foreligger.

Slik vil kommunedirektøren følge opp vedtaket:

Ingen tiltak eller prosesser vil binde kommunen til ei bestemt driftsform før denne er vedtatt politisk. Dette er ei prinsipiell sak, og er ikkje delegert til kommunedirektøren å avgjere. Saka vil bli lagt fram til politisk handsaming 3. kvartal 2026.

Tilleggspunkt 3 i vedtaket:

Administrasjonen bes om å legge fram en egen sak for kommunestyret som redegjør for aktuelle driftsformer, inkludert fordeler, ulemper samt økonomiske og organisatoriske konsekvenser ved de ulike alternativene, basert på arbeidsgruppens anbefalinger.

Slik vil kommunedirektøren følge opp vedtaket:

Politisk sak vil bli lagt fram til politisk handsaming når arbeidsgruppa leverer sin rapport basert på mandatet som skissert ovanfor.

Tilleggspunkt 4 i vedtaket:

Administrasjonen bes samtidig om å legge fram protokoller, beslutningsgrunnlag og annen relevant dokumentasjon for arbeidet som er utført hittil i saken, med formål om å gi kommunestyret full oversikt.

Slik vil kommunedirektøren følge opp vedtaket:

Dokumentasjon lagt fram for å sikre kommunestyret full oversikt over arbeidet som er utført så langt i saka:

- Protokollar frå politiske og administrative behandlingar i saka
- Referat frå møte mellom kommunane
- Mandat for arbeidsgruppa før og etter presiseringar

Tilleggspunkt 5 i vedtaket:

Administrasjonen bes legge fram en tydelig tids- og fremdriftsplan for det videre arbeidet, inkludert tidspunkt for politisk behandling og eventuelle milepæler

Tidsperiode	Milepæl / aktivitet
2026 – 1. kvartal	Ferdigstille kartlegging av dagens situasjon
2026 – 2. kvartal	Legge fram orienteringssak med alternative driftsformer og konsekvensvurderingar Politisk drøfting av retning
2026 – 3. kvartal	Prinsippvedtak om val av organisasjonsmodell
2026 – 4. kvartal	Utarbeide detaljert plan for gjennomføring (organisasjon, bemanning, avtaleverk)
2027 – 1.–2. kvartal	Etablering av ny organisasjon i samsvar med vedtatt modell Nødvendig avtaleinngåing mellom kommunane
2027 – 3.–4. kvartal	Implementering av ny organisering Opplæring, systemtilpassing og kvalitetssikring
2028	Ny organisasjonsmodell operativ Kongshaugen reinseanlegg i full drift

Vurdering:

- Samarbeidet mellom Ålesund og Sula om etablering og framtidig drift av Kongshaugen reinseanlegg representerer eit strategisk vegval for ein av dei mest samfunnskritiske sektorane kommunane forvaltar.
- Val av organisasjonsmodell må difor vurderast heilskapleg og langsiktig, med utgangspunkt i både faglege, økonomiske, juridiske og demokratiske omsyn.

Kunnskapsgrunnlag

- Kunnskapsgrunnlaget utarbeida av Kinei AS låg til grunn for vedtaket om å opprette eit IKS for Kongshaugen reinseanlegg. I ettertid vart kommunane utfordra av statsforvaltaren til å tenkje meir heilskapleg for å sikre meir effektive og styrbare interkommunale samarbeid. Dette gjorde at det vart fatta nytt vedtak om at Ålesund kommune skulle drifte Kongshaugen reinseanlegg basert på ein samarbeids og diftsavtale, inntil ein hadde funne ei meir heilskapleg organisering K-066/25
- Begge organisasjonsformene er vurderte som egna i Kinei sin rapport, men tilrådinga frå konsulenten er å etabler eit interkommunalt selskap.
- Dei påpeiker at ei viktig avklaring i det vidare arbeidet er kva for delar av fagmiljøa (verdikjeden) innan VA sektoren som skal samorganiserast.
- Denne avklaringa må gjerast uavhengig av val av organisasjonsform.

Balanse mellom ulike hensyn

Slik kommunedirektørane vurderer det må organisering av VA- sektoren balansere ulike omsyn og dei alternative modellane må vurderast opp i mot desse.

Samla sett bør den organisasjonsmodellen som vert valt vere den som best kombinerer

- samfunnstryggleik og fagleg kvalitet
- økonomisk berekraft
- tydeleg politisk styring
- robuste kompetansemiljø
- nødvendig framdrift fram mot oppstart

Valet må vere strategisk forankra og gi ei løysing som er berekraftig både på kort og lang sikt.

Samfunnstryggleik og beredskap

VA-sektoren er kjenneteikna av store investeringsbehov, strenge myndigheitskrav og høg risiko dersom tenestene sviktar.

Organiseringa må først og fremst sikre trygg og stabil drift, tilstrekkeleg beredskap og evne til å møte skjerpa miljø- og reinsekrav i åra som kjem.

Dette inneber at modellen må leggje til rette for robuste fagmiljø, tilstrekkeleg kapasitet og klare ansvarsforhold.

Politisk styring og demokratisk kontroll

Samtidig må organiseringa gi tydeleg politisk styring og demokratisk kontroll.

Det må vere openheit om økonomi og utvikling, og det må vere klare roller mellom eigar, bestillar og utførar.

Kommunane må ha reell moglegheit til å påverke strategiske val, samstundes som den daglege drifta kan gjennomførast effektivt og profesjonelt.

Økonomi og kostnadseffektivitet

Økonomisk berekraft er eit sentralt vurderingskriterium. Modellen må sikre god kostnadskontroll, føreseieleg utvikling i sjølvkost og effektiv utnytting av ressursar.

Samla sett må organiseringa bidra til ei mest mogleg kostnadseffektiv tenesteproduksjon utan at dette går ut over kvalitet og tryggleik.

Kompetanse og rekruttering

Begge kommunane er avhengige av å byggje og halde på spesialisert VA-kompetanse i ein arbeidsmarknad der slik kompetanse er etterspurd.

Organiseringa må derfor vurderast ut frå i kva grad ho styrkar fagmiljøa, legg til rette for kompetanseutvikling og gjer verksemda attraktiv for rekruttering.

Det må òg vurderast korleis samla organisering påverkar kompetansebehovet i kvar kommune, særleg der tilsette i dag har samansette oppgåver innan drift, forvaltning, planlegging og myndigheitsutøving.

Ein faktor i dette er at dei to kommunane har i dag organisert seg ulikt innanfor fagfeltet. Til dømes har ein i Sula eit fagmiljø som også integrerer veg saman med vatn og avløp.

Heile eller delar av verdikjeden?

Det må takast stilling til om samarbeidet skal omfatte delar eller heile verdikjeda innan vatn- og avløpstenestene. Dette er det ikkje tatt stilling til i dei politiske sakene som har vore handsama til no, og i Kinei sin rapport vert dette påpeika som ei avklaring av viktig betydning.

Drift av reinseanlegg, leidningsnett, planlegging, prosjektgjennomføring og myndigheitsutøving heng tett saman. Ei fragmentert organisering kan gi uklare grensesnitt og svekka heilskap, medan ei meir samla organisering kan gi betre samordning og effektivitet.

Samstundes kan ei for omfattande samorganisering påverke eksisterande strukturar i kommunane og krevje større omstilling i andre delar av organisasjonen. Til dømes er drift av veg, vatn og avløp samorganisert i Sula kommune for å kunne ha forsvarleg beredskap.

Gjennomføringsevne og framdrift

Organisatoriske avklaringar må gjerast innan 2026 for å sikre tilstrekkeleg tid til etablering, avtaleinngåing, bemanning og systemtilpassing før oppstart i 2028.

Val av modell må derfor vere realistisk med omsyn til etableringsprosess, juridiske avklaringar og praktisk implementering.

Oppsummering:

Sula og Ålesund står no framfor eit strategisk val for ein av dei mest samfunnskritiske sektorane vi forvaltar. Etableringa av Kongshaugen reinseanlegg gir oss ei unik moglegheit til å byggje eit moderne, robust og berekraftig anlegg som sikrar høg kvalitet i reinsinga, oppfyller framtidige miljøkrav og legg til rette for utvikling av sterke og attraktive fagmiljø.

Vi har eit solid kunnskapsgrunnlag gjennom arbeidet som er gjort av Kinei AS og dei regionale vurderingane knytt til interkommunalt samarbeid. Samstundes har vi etablert gode samarbeidsarenaer både politisk og administrativt, som gir tryggleik for openheit, medverknad og god styring i den vidare prosessen.

Uavhengig av om løysinga vert eit interkommunalt selskap eller ein vertskommunemodell, har vi gode føresetnader for å lukkast. Begge alternativa kan gi ei profesjonell og effektiv drift. Det avgjerande no er at vi gjer eit gjennomtenkt og heilskapleg val som sikrar langsiktig kvalitet, god økonomistyring og eit sterkt kompetansemiljø.

Med tydeleg politisk forankring, god involvering av tilsette og ein realistisk framdriftsplan, ligg alt til rette for at vi i løpet av 2026 kan fatte eit prinsippvedtak som kan sikre at vi er klare til 2028.